



ÅRSMELDING AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2012

Styret si årsmelding	2
Teatersjefen oppsummerer	3
Barneteatret Vårt	8
Resultatrekneskap	10
Balanse	11
Notar	13
Økonomisk resultat	17
Revisors beretning for 2012	18
Repertoar	20
Statistikk	25
Personale ved Teatret Vårt	26
Styret	28
Representasjon	29

Framsdebillete:
Utgjevar:
Ansvarleg utgjevar:
Redaksjon:

Plassen. Foto Adam Mørk
 Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
 Thomas Bjørnager
 Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Høgset,
 Eva Ekløf Mørkeset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Arild Moen

Utforming:
Foto:

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2012 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2012 har vore 3,8 %. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Teatret har eit styre med sju styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinne-delen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for tek-nisk og administrative avdelingar.

Møter

Styret hadde i 2012 8 styremøte og handsama 34 saker.

Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskott på kr 1 304 822. Sum eigenkapital er på kr 5 284 798. Av dette er kr 598 000 innbetalt aksje-kapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatata i 2012 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for inn-satsen.

Årsrekneskapen for 2012 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 21. mai 2013


 Bodil Hollingsæter
 styreleiar


 Kristin Sørheim
 styremedlem


 Heidi-Iren Wedlog Olsen
 styremedlem


 Per Kåre Trengereid
 nestleiar


 Vivi Sunde
 styremedlem


 Leon Aurdal
 styremedlem


 Knut Anders Oskarson
 styremedlem

TEATERSJEFEN OPPSUMMERER

2012 vart eit teaterhistorisk år for Teatret Vårt. Innflyttinga i det nye teaterbygget og sjefsskiftet prega året. Teatret Vårt kunne feire 40 års jubileet sitt i nye lokale, med ny teatersjef og med eit nytt styre. Alle planar for ekspansjon av forskjellige personalgrupper blei gjennomført, og vi starta opp drifta av vår nye kafe; Kafe Kurt. Og likevel fekk vi gjennomført heile 12 eigenproduserte premierar.

Vårens produksjonar i Molde bar alle på ein eller annan måte preg av at teatret var på flyttefot og i stor endring.

Året begynte med ein seksar på terningen. Norgespremieren på den svært roste oppsettinga av *«En komikers oppvekst»* etter Jonas Gardells roman var 18. januar på Bar Alex. Ivar Tindberg hadde regi på monologen, der Daniel Karlsson strålte på bakgrunn av eit sterkt regigrep og enkel scenografisk løysing. Ein kombinasjon som gjorde framsyninga særleg eigna til turne, noko som også går fram av publikumstalet. Framsyninga vart på grunn av sin lange speleperiode og dei mange skolebesøka, hos 8. klassesteg til og med vidaregåande, årets mest sette.

Nyskriven nynorsk dramatikkk for aldersgruppa 8-10 år var årets første produksjon på Barneteatret Vårt. *«Hundredagane»* skrive av Angela Hagen blei i oppsettinga til Odette Bereshka ei fin forteljing om søsken og barn sin fantasi. Ei sterk og viktig framsyning der Anja Furthmanns billedsterke scenografi bokstaveleg talt let fantasien åpne dører. At besøkstalet på forestillinga blei mykje mindre enn forventta skuldast at Den kulturelle skoleseken valde å la framsyninga turnere i veldig lite omfang og berre på Nordmøre. Sjølv om det kan synast som ei voldsom investering med lite avkastning, finn eg det viktig å fortsette med å utvikle ny dramatikkk for barn og ungdom, særleg når det blir skrive på lokal dialekt med fokus på barns liv på landet i fylket vårt. Urpremieren var 17.mars i Ålesund.

På den internasjonale kvinnedagen 8. mars hadde vi noregspremiere på forestillinga *«Vår underfulle verden»* av Giacomo Ravicchio. Det var Thomas Bjørnager som regisserte i samarbeid med Claus Maack Bahnsen. Gøril Haukebø skapte eit sterkt portrett av ei eldre kvinne som utviklar demens, og Daniel Karlsson spela den vaksne sonen hennar. Framsyninga tok opp tabubelagte spørsmål rundt det å bli gammal, og vi tok fatt i dei nettverk vi oppretta under fjorårets sidescenearrangement om kunst og demens. Saman med forskingsgrupper på Høgskolen i Molde søkte vi om forskingsmidlar og fekk tildelt 698.000 til forskingsprosjektet «All verden er en scene», som undersøker mulighetene for å bruke teater som opplysningsspråk innanfor helsevesenet. Dette betyr at forestillinga blir tatt med over i 2013 og gjestespelar i Bergen og Trondheim. Forskingsmiljøa inviterer da informantar som publikum, og desse vil etter framsyninga bli intervjuet. Forskingsdelen blir leia



EN KOMIKERS OPPVEKST

Daniel Karlsson.

FOTO: ROLF-INGE PEDERSEN HJELSETH



EN KOMIKERS OPPVEKST

Daniel Karlsson.

FOTO: ROLF-INGE PEDERSEN HJELSETH



VÅR UNDERFULLE VERDEN

Gøril Haukebø og Daniel Karlsson.

FOTO: ARILD MOEN



VÅR UNDERFULLE VERDEN

Daniel Karlsson og Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN

av Else Lykkeslet frå Høgskolen i Molde og Eva Gjengedal fra Universitetet i Bergen.

Allereie dagen etter var Norgespremieren på Nis Momme-Stokmanns «*Det blå blå hav*». Regissør Uwe Cramer drog nytte av det gode samarbeidet med Molde Voksenopplæringsssenter og let eit talekor av nye nordmenn legge stemme til stykket sitt tydelige uttrykk for Noreg som ønskjebilde for verdas flyktingar. Bjørnar Teigen, Line Starheimsæter og Vivi Sunde frå ensemblet spelte stykkets tre roller og forestillinga sendte publikum ut på ei vandring gjennom Molde sentrum. Dette skapte oppmerksomheit om teatrets flytteprosess - utover det som er synleg på besøkstalet.

I dagane 8.-12. mars blei den årlege «*Teaterfesten*» gjennomført. Utover dei to førnemnte premierane og Riksteaterbesøk med «*Anna Karenina*» vart også forestillingane «*En komikers oppvekst*» og «*Vår underfulle verden*» oppført. I tillegg hadde vi gjestespel med performanceforestillinga «*Archiv 1,336-1,337*» fra Institut für angewandte theaterwissenschaft, Frankfurt Oder. Her var det Valborg Frøysnes og Hika Fedeke Dugassa som spela. Med fem forskjellige framsyningar på fire dagar fekk gjestene på Teatret Vårt ein forsmak på dei heilt nye mulighetene i nytt bygg. Teaterfesten var i stor grad med på å skape entusiasme og forventning på dette viktige tidspunktet rett innan innflytting i det nye bygget.

I april var urpremieren på Line Starheimsæter monolog, «*Prinsessa som ikke ville le*», på Arbeideren i Ålesund. Dette var eit tilbod om ei litt annleis eventyrstund til barnehagane som tok godt i mot tilbodet. Dette betydde ein lengre turne for Line rundt til mange barnehagar i det meste av fylket.

PLASSEN åpna den 14. juli 2012. Åpningsforestillinga «*Merz!*» var eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Moldejazz. Multikunstnaren Kurt Schwitters rolle som inspirator for samboskapet blei her sett i fokus. Vi la lista høgt og skapte ein dadadistisk galla-kveld, der publikum fekk sjå ei hylling til kunstens anarki og på eit meire lågpraktisk nivå; få demonstrert dei nye scene-tekniske mulighetene våre. Jazzfestivalens artist in residence Jon Balke skapte nyskriven musikk, Uwe Cramer hadde regi og Thomas Bjørnager hadde scenografi og kostymer. Rene Liebert skapte videokunst som tillet Valborg Frøysnes og Hika Fedeke Dugassa å delta «in absentia». I tillegg til heile ensemblet deltok koreograf og dansar Marianna Minasova og ti amatørdansarar frå den lokale danseskolen «Studio 11». Jon Balke spela sjølv musikken sin i dei første framsyningane, men gav stafetten vidare til Morten Qvenild og seinare Christian Wallumrød. På tross av forestillinga sitt abstrakte språk blei forestillinga svært godt mottatt og var eit viktig signal om ambisjon og takhøgde hos oss på Teatret Vårt og hos publikummet vårt.

På sjølve åpningsdagen var Arne Nøst og Anitra Eriksen leiara for eit stort arrangement på utearealet til PLASSEN. Her opptådde ei lang rekke av regio-

nale og nasjonale kunstnarar. Mellom dei var Edvard Hoem, Steinar Raknes, Unni Vilhelmsen, Terje og Marius Rypdal, Ingrid Bjørnov, Knut Ødegård, Lars Jones, Pål Austnes, Kleine Heine og Polkabjørn, Daniel Herskedal, Bård Watn og fleire andre. Ensemblet frå Teatret Vårt framførte «Ursonaten» av Kurt Schwitters. Kulturminister Anniken Huitfeldt åpna bygget offisielt og talar blei halde av blant andre fylkesordførar Jon Aasen, ordførar Torgeir Dahl, Nasjonal bibliotekar Vigdis Moe Skarstein. Hayden Powell hadde komponert ein fanfare som blei framført og Edvard Hoem leste prologen han hadde skrive til anledninga. Medan alt dette gjekk føre seg utanfor, fekk opp mot 1200 menneske omvisning inne i det nettopp åpna bygget. På taket blei det servert kaffe og kake. Dette vart gjennomført takka vere stor dugnadsinnsats frå Teatervennene og folk frå dei andre institusjonane sine friviljugkorps.

Under årets Bjørnsonfestival danna PLASSEN for første gong ramma om festivalen, og Teatret Vårt hadde ein aktiv og synleg rolle. «**Alt har sin tid**» med Vivi Sunde og Møremusikarane spela både i Molde Domkirke og sidan i fjøset på Nesset prestegård. «**En komikers oppvekst**» vart framført på Molde Høgskole og i Storyville. Og det var også under Bjørnsonfestivalen vi hadde urpremiere på eit av årets viktigaste signalprosjekt «**Til Kongo**». Forestillinga var utvikla av regissør Peer Perez Øian og dramatiker Kristian Lykkeslet Strømskag etter ein ide frå teatersjefen. Bjørnar Teigen, Eldar Skar og Herman Bernhoft spela og prøvde i forestillinga på skift å skjønne motivasjonane og hensiktene til Tjostolv Moland og Joshua French. Det blei ei ung, overraskande og debattskapande framsyning. Etter stor nasjonal oppmerksomhet frå pressa og dei pårørande til særleg Tjostolv Moland, endte den offentlege debatten om teatret sin rett til å dykke ned i dette stoffet vel på rette plassen med Vidar Kvalshaug sin kommenterande artikkel i Aftenposten som hadde overskrifta «Til de dømtes fordel». At denne forestillinga ikkje blei vald til turne for Den kulturelle skolesekken må seiast å vere årets kanskje største skuffelse. Men sjølv om ikkje framsyninga fekk det store publikum vi hadde håpa, blei den likevel ein nasjonal markør for eit nytt Teatret Vårt.

Høstens premiere på Barneteatret Vårt var «**Hvit**»; regi Andy Manley, scenografi Shona Reppe. Ein heilt fortryllande, heilstøypt forestilling som bragte Barneteatret Vårt til nye kunstnarlege høgder og skapte eit gjennomarbeid og pedagogisk tilbod til 2-5 åringar. Tilbakemeldingar frå alle kantar har vore begeistring og vi tar forestillinga med over i 2013. Noregspremieren på «**Hvit**» var 22. september 2012 i Ålesund.

Teatret Vårt sitt 40-års jubileum blei i første omgang markert på den korrekte dato 15. oktober i foajeen under middagen til Norsk Teaterleder Forum sitt seminar. Her var flesteparten av Noregs teatersjefar og direktørar til stades.

For den større offentlegheita blei jubileet markert rundt premieren 2. no-



VÅR UNDERFULLE VERDEN

Gøril Haukebø og Daniel Karlsson.

FOTO: ARILD MOEN



VÅR UNDERFULLE VERDEN

Daniel Karlsson og Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN



HUNDEDAGANE

Jonathan Filip og Viggo Solum.

FOTO: TEATRET VÅRT



HUNDEDAGANE

Jonathan Filip og Ellen Karin Solevåg.

FOTO: TEATRET VÅRT

vember på «*Jeppes hus*» av Ludvig Holberg. Regi hadde Gitte Siem og scenografi Nina Flagstad. Vi inviterte til jubileumsbankett og mottok ved forestillinga 3. november det sceniske signalelementet som Teatervennene over fleire år har samla inn til. Det blei ein utruleg vakker og anvendeleg lysinstallasjon av Gjertrud Hals. Den kan mellom anna fungere som eit sceneteppe.

Forestillinga «*Jeppes hus*» har vore ein av årets store publikumssuksessar. Regissør og scenograf skapte eit særeigent univers med stor respekt for Holberg og ein forfriskande frekkheit. Bjørnar Teigens «*Jeppes hus*», var ei sterk, moderne tolking og ei understreking av kva sterke skodespelarressursar Teatret Vårt kan bryske seg av. Med eit regigrep som gjorde både «*Baronen*» og «*Jakob Skomager*» til henholdsvis «*Baronessen*» og «*Fru Jakob Skomager*», blei forestillinga i høg grad ei undersøking av kjønnsdefinerte hersketeknikkar.

I forbindelse med forestillinga fekk vår nyåpna Kafe Kurt ildlåpen sin. Over 1000 menneske deltok på julebordsarrangementet i tilknytning til denne teateropplevinga.

I november var også urpremieren på «*Mor for enhver pris*». Forestillinga er utvikla av Valborg Frøysnes etter ein ide frå teatersjefen. Veileder: Kamilla W. Brekling. Tekstar av Lisbet Kjær Johansen, Valborg Frøysnes m. fl.. Med dette one-woman showet ramma vi direkte eit av tidas store debatter, surrogati. Formatet med etterfølgjande paneldebattar har vore svært suksessfull, og vi tar forestilling med over i 2013.

I desember framførte vi førjuls kabareten «*I love jul*». Forestillinga blei skapt av Line Starheimsæter, Anna Berentina Røe, Eldar Skar og Arne Torvik. Den spelte i foajeen til kafe Kurt og skapte god jule stemning. Noregspremieren var 27. november.

Etter eit år prega av flytting og ekspansjon er det med stoltheit at ein kan vise til så stor og omfattande teaterproduksjon. Gleda over å vere herre i eige hus er stor på Teatret Vårt, og vi merkar den faglege stoltheita hos alle personalgrupper. Den sentrale plasseringa i bybildet i Molde gir oss ein ny status. Og samboerskapet med fire av fylkets viktigaste aktørar på kulturfeltet har gitt oss muligheiter for å nå ut til mange fleire med tilbodet vårt. Og det viser seg på besøkstalet. Fleire har gått på teater i Teatret Vårt i PLASSEN i 2012 enn på Forumbygget i 2011.

Men mykje mindre omfang av skoleforestillingar gjer at vi samla sett hamnar noko lågare i publikumstal enn i 2011. Dette ser vi som eit naturleg uttrykk for dei mange ressursar Teatret Vårt har brukt på sluttspurten av bygge- og flyttingprosess.

Med innflyttinga på PLASSEN har Teatret Vårt påtatt seg ein del nye oppdrag og ansvarsområde. Administrative oppgaver for Molde Kulturbygg A/S og oppfølging på reklamasjoner i forbindelse med bygget er tidkrevande.

Tida kor vi må bruke mange ressursar på prosessen med vårt nye bygg er ennå ikkje over. Drifta av Kafe Kurt har vore det store usikkerheitsmomentet, og vi ser no at lønsutgiftene må styrast betre. Vi har ikkje nådd det ønska nivået for aktivitet i foajeen og jobbar med å få til fleire arrangement. Erfaringa frå 2012 er at måten å skape omsetning i kafeen er å skape kunstnarleg aktivitet.

At Teatret Vårt, sjølv med tap på kafedrifta, kan presentere eit årsrekneskap som viser 1,3 million i overskot, er eit uttrykk for god utgiftskontroll og effektiv utnytting av dei menneskelege ressursar på Teatret Vårt.

Barneteatret Vårt i Ålesund har på få år utvikla seg til eit av landets viktigaste kunstnarlege teater for barn og unge. Framleis har vi ikkje kome opp på det driftsnivået vi har planlagt og ønskjer oss.

Vi har skriva eit viktig stykke teaterhistorie på Teatret Vårt i 2012. Det store stykke arbeid alle tilsette på Teatret Vårt har lagt ned i prosessen med PLASSEN, har vore og vil vere ein av dei viktigaste årsakene til eit teatertilbod i Møre og Romsdal av imponerende kvalitet og kvantitet. Eg vil gjerne nytte høvet til å takke dei tilsette og både det noverande og det avgåtte styret for denne felles bragd.



HUNDEDAGANE

Jonathan Filip og Ellen Karin Solevåg.

FOTO: TEATRET VÅRT



HUNDEDAGANE

Viggo Solum og Ellen Karin Solevåg.

FOTO: TEATRET VÅRT



HVIT

Jonas Delerud og John Sigurd Kristensen.

FOTO: ARILD MOEN



HVIT

Jonas Delerud og John Sigurd Kristensen.

FOTO: ARILD MOEN

BARNETEATRET VÅRT

av kunstnerisk leder Eva Eklöf Mørkeset

Barneteatret Vårt produserte i 2012 to framsyningar; Hundedagane og Hvit.

«*Hundedagane*» er skriva av Angela Hagen. Stykket handlar om dei to søskena Lise og Tom som bur på ein gard på Vestlandet. Forteljinga utspelar seg nettopp under Hundedagane; ei tid midt på sommaren da rare ting kan skje; Maten råtnar, ting blir borte og hundane blir ville og galne. Lise og Tom hjelper faren sin med slåttan da Lise oppdagar ein mystisk bil som står forlatta ved skogsstien. Bilen har nummerskilt frå Oslo, og ho begynner å fantasera om kven den forsvunne sjåføren kan vere – ein rømling, tjuv eller det som verre er. Tom er mest opptatt av å tenkje på racersykkelen han ønskjer seg, men ikkje har pengar til. Eit kraftig torever byggjer seg opp medan dei ventar på faren som skulle vore der for lenge sidan, og underlege ting begynner å skje. Stykket tar opp tema som pubertet, søskenforhold, frykt og dragning mot det framande og uforklarlege.

Angela Hagen voks sjølv opp på ein gard i Torvika og miljøet ho skriv om er både realistisk og gjenkjennande, på same tid som barna sin livlege fantasi etter kvart fører til at draum og verkeleg liv blir blanda inn i kvarandre på ein forlokkande måte. Dette er det første stykket Angela har skriva, og med det vann ho ein dramatikkonkurranse på Det Norske Teater i 2006. Det blei seinare utvikla vidare på Det Åpne Teater i Oslo. Vi er stolte over å ha kunna presentere nyskriven dramatik av ein lokal dramatiker for publikum i Møre og Romsdal. Vi har og fått mange positive tilbakemeldingar frå skoleborn etter at stykket har vore på turné i fylket. Dette går mellom anna på gjenkjenning av situasjonar og identifisering med rollefigurane. Odette Bareska hadde regi på stykket og scenografien blei laga av Anja Furthmann. Medverkande: Ellen Sollevåg, Jonatan Filip og Viggo Solum, som høvesvis Lise, Tom og Oslomannen. Målgruppe for stykket: 9-15 år.

Stykket hadde premiere på Barneteateret Vårt 24. mars 2012. Vi spela stykket til saman 22 gonger - i Ålesund, Molde og éin gong i Rauma Kulturhus, Åndalsnes. I mars 2013 har stykket vore på turné i fylket med Den Kulturelle Skolesekken.

Høsten 2012 produserte vi «*Hvit*», ei framsyning for dei aller minste borna. Stykket handlar om dei to venene Rynke og Bomull. Dei bur i ein perfekt kvit verden, der alt skin og glitrar og lyser. Dei søv i eit kvitt telt, omgitt av kvite fuglekassar, dei har på seg kvite klede, og dei et kvit mat. Dagane bruker dei til å ta seg av kvite egg som fell ned frå himmelen. Dei bruker også mykje tid på å passa på at verden forblir kvit og ryddig. Av og til dukkar ein rampete farge opp, men den blir raskt fjerna og kasta i bossbøtta. Men så ein dag fell det plutseleg eit raudt egg ned frå himmelen. Kva gjer dei? Skal dei behalda det

eller kaste det i søppelbøtta?

Denne produksjonen hadde først premiere i Edinburgh i 2010 og har sidan turnert rundt i Europa, USA, Australia og Japan.

Framsyninga er opprinneleg skapt av Andy Manley i tett samarbeid med scenograf Shona Reppe og Craig Fleming, som har utvikla dei tekniske løysingane i produksjonen. Musikken er laga av Danny Crass.

Andy Manley har også regissert den norske versjonen av stykket som hadde premiere på Arbeideren i Ålesund 22. september 2012. Shona og Craig kom også til Ålesund og gjenskapte scenografien og dei tekniske løysingane frå originalversjonen.

Medverkande: John Sigurd Kristensen som Rynke og Jonas Delerud som Bomull. Målgruppe for stykket: 2-4 år.

Stykket mottok strålende kritikkar og har vorte overveldande mottatt av publikum. Stykket hadde ein lengre speleperiode i Ålesund og Molde, etterfølgd av ein turné rundt i Møre og Romsdal.

I slutten av april spela vi Hvit på Fratz Festival i Berlin, og også der fekk stykket ei svært varm mottaking. Vi blei i etterkant invitert til å spele neste år på STARKE STÜCKE, ein større International Barne- og Ungdomsteaterfestival i Tyskland. Også ein fransk festival har vist sin interesse. Til hausten skal vi på turné i fylket med Den Kulturelle Skolesekken.

Utfordringar

Barneteateret har sidan starten halde til i Arbeideren i Ålesund der vi har kontor og produserer alle våre framsyningar. Arbeideren vart bygd i 1907 og er eit fantastisk vakkert og sjarmerande hus i Jugendstil, midt i sentrum av Ålesund. Bygget byr likevel på ein del utfordringar ettersom det er gammalt og tungt i drift. Det er nedslitt og i desperat behov for oppussing, og på den tekniske sida manglar det mykje for å kunne vera eit moderne, godt fungerande teaterhus. Scenen er også alt for høg til å fungera optimalt for barneteater ettersom avstanden mellom sal og scene blir for stor, spesielt for dei mindre borna.

Ei anna utfordring er at vi deler huset med mange andre leietakarar, noko som fører til mykje ekstraarbeid med opp- og nedrigg, både i prøve- og speleperiodar.

Eg skulle også ønskje at vi kunne gjere noko med inngangspartiet og kaféen slik at lokalet framstod som varmare og meir innbydande når vårt unge publikum kjem på besøk. (For eksempel med flyttbare element som kunne flyttast på etter behov.)



HVIT

Jonas Delerud og John Sigurd Kristensen.

FOTO: ARILD MOEN



HVIT

John Sigurd Kristensen og Jonas Delerud.

FOTO: ARILD MOEN

RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2012 Rekneskap	2011 Rekneskap
Driftsinntekter			
Billett- og programsal	3	1 617 724	2 267 948
Salg kafe Kurt		2 391 701	0
Andre inntekter		2 502 767	1 578 681
Driftstilskott		35 561 017	29 570 587
Sum driftsinntekter		42 073 208	33 417 216
Driftskostnader			
Varekjøp kafe		1 576 535	14 599
Kostnader arbeidskraft	4	21 530 247	19 167 845
Materialkostnader		1 041 175	875 737
Sal- og informasjonskostnader		1 464 783	1 433 874
Kostnader lokale		6 578 095	3 460 013
Utstyrskostnader		375 629	93 410
Avskrivningar	5	525 468	683 022
Andre driftskostnader		7 816 661	8 353 665
Sum driftskostnader	2	40 908 594	34 067 565
Driftsresultat		1 164 614	-650 349
Finansielle postar			
Finansinntekter		234 755	133 200
Finanskostnader		94 548	77 444
Resultat av finansielle postar		140 208	55 765
Ordinært resultat før skattekostnad		1 304 822	-594 594
Årsresultat		1 304 822	-594 594
Opplysningar om:			
Avsett til anna eigenkapital		1 304 822	-594 594
Sum disponert		-1 304 822	-594 594

BALANSE pr. 31.12.

	NOTE	2012	2011
EIENDELAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigendom		691 479	802 718
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr		2 546 205	2 533 340
Sum varige anleggsmidler	5	3 237 684	3 336 058
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i tilknyttta selskap	9	426 000	46 000
Investeringar i aksjar og andelar	9	41 000	38 000
Andre fordringar		487 953	418 529
Sum finansielle anleggsmidler		954 953	502 529
Sum anleggsmidler		4 192 637	3 838 587
OMLØPSMIDLAR			
Varar		315 586	0
Fordringar			
Kundefordringar		2 070 884	407 506
Andre fordringar	10	2 279 605	708 046
Sum fordringar		4 350 489	1 115 552
Bankinnskott, kontantar o.l.	8	5 354 252	4 402 311
Sum omløpsmidler		10 020 327	5 517 863
SUM EIGENDELAR		14 212 964	9 356 450

BALANSE pr. 31.12.

	NOTE	2012	2011
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskott eigenkapital			
Aksjekapital	6, 7	598 000	550 000
Sum innskott eienkapital		598 000	550 000
Opptjent eigenkapital			
Anna eigenkapital	6	4 786 798	3 381 975
Sum opptjent eigenkapital		4 786 798	3 381 975
Sum eigenkapital		5 384 798	3 931 975
GJELD			
Andre avsetningar for forpliktelser		157 002	0
Sum avsetningar for forpliktelser		157 002	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 251 072	453 445
Skuldig offentlege avgiftar		1 699 407	1 085 499
Anna kortsiktig gjeld	10	5 720 687	3 885 530
Sum kortsiktig gjeld		8 671 165	5 424 474
Sum gjeld		8 828 167	5 424 474
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		14 212 964	9 356 450

NOTE 1 - REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder.

Hovedprinsipp

Inntekt resultatføres når den er opptjent som normalt vil være på leveringstidspunktet. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekt resultatføres.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen ett år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å være ikke forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler er ført opp i balansen til historisk anskaffelseskost og fratrukket akkumulerte av- og nedskrivninger. Varige driftsmidler avskrives lineært over forventet økonomisk levetid.

Aksjer i datterselskaper og tilknyttede selskaper

Aksjer og andeler i datterselskaper og tilknyttede selskaper er oppført til anskaffelseskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi. De enkelte investeringene vurderes individuelt. Mottatt utbytte og andre overskuddsutdelinger fra selskapene inntektsføres som finansielle inntekter. Realiserte gevinster eller tap og eventuell nedskrivning på grunn av varig nedgang i verdien er medtatt i resultatregnskapet under finansielle poster.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Varelager

Varer vurderes til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.



PRINSESSEN SOM IKKE VILLE LE

Line Starheimsæter.

FOTO: TEATRET VÅRT



PRINSESSEN SOM IKKE VILLE LE

Line Starheimsæter.

FOTO: TEATRET VÅRT

Framsyingar og billettinntekter

Publikum	24 098
Framsyingar	284
Billettinntekter	1 617 724
Gj.snitt inntekt pr.bill.	67,13

Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter i prosent av totale driftsutgifter	15,92
--	-------

Tilskott

Kulturdepartementet	23 082 000
Kulturdepartementet (husleige)	1 359 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	4 946 000
Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige)	1 227 287
Molde kommune	4 233 000
Ålesund kommune	713 730
Samla tilskott	35 561 017

NOTE 2 - TURNEUTGIFTER

	2012	2011
Lønsrelaterte kostnader	1 093 500	1 291 000
Husleige, arr.honorar m.m	223 800	514 400
Transport og bilhald	346 000	633 900
Hotel	367 248	652 000
Annonsering på turné	310 485	419 700
Sum turneutgifter	2 341 033	3 511 000

Turnèutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turnètillegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnèverksemd.

NOTE 3 - BILLETTINNTEKTER

Prinsessen som ikke ville le	72 100
Jeppe	412 917
MERZ!!	91 734
Vår underfulle verden	115 989
Til Kongo	79 935
En komikers oppvekst	396 786
Mor for enhver pris	13 660
Det blå blå hav	9 428
Kjære landsmenn	167 120
Hundedagane	36 330
Hvit	146 620
Mindre produksjonar	75 105
Sum	1 617 724

NOTE 4 - LØNSKOSTNADER**Lønskostnader består av følgende poster:**

	2012	2011
Lønningar	16 019 192	14 169 896
Folketrygdavgift	2 553 876	2 225 976
Pensjonskostnader	1 883 041	1 398 805
Andre lønskostnader	1 074 138	1 373 310
Sum	21 530 247	19 167 987

Gjennomsnittlig
antall ansatte

28

Ytelser til ledende personer:

	Teatersjef	Styret
Lønn	648 554	244 450
Pensjonsforpliktelser	0	0
Annen godtgjørelse	139 441	0

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 58 500,- og gjelder pliktrevisjon. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 6 500,- og anna bistad kr 3 850,-. Tal er utan mva.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikke balanseført.

NOTE 5 - VARIGE DRIFTSMIDLER


	Bilar	Maskiner, inventar	Totalt
Anskaffelseskost 1.1.	1 759 711	5 086 935	6 846 646
Tilgang i løpet av året	0	427 094	427 094
Avgang i løpet av året	235 000		235 000
Akkumulerte avskrivninger	636 145	3 164 911	3 801 056
Bokført verdi 31.12.	888 566	2 349 118	3 237 646
Årets avskrivninger	124 215	401 253	525 468
Avskr.tid	10 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	



TEATRET VÅRT

Teatersalen i Plassen.

FOTO: ADAM MØRK



TEATRET VÅRT

Teatersalen i Plassen.

FOTO: ADAM MØRK

Generalsponsor:



SPAREBANKEN MØRE

NOTE 6 - EGENKAPITAL

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Egenkapital pr. 01.01.	550 000	3 381 975	3 931 975
Kapitalutviding	48 000		
Årsresultat			
Egenkapital pr. 31.12.	598 000		

NOTE 7 - ANTALL AKSJER, AKSJEIEERE M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 598 000,- består av 299 aksjer à pålydende kr 2 000,-. Alle aksjer har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylke	132	44,15%
Molde kommune	132	44,15%
Ålesund kommune	24	8,03%
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	11	3,67%
Sum	299	100%

NOTE 8 – BUNDNE MIDLER

Av selskapets bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 868 802,-.

NOTE 9 – FINANSIELLE ANLEGGMIDLAR

	2012	2011
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde Sentrum AS	3 000	0
Molde kulturbygg AS	426 000	46 000
Eigenkapitalinnskudd KLP	355 623	314 199
Sum	822 623	360 409

Note 10: Periodiseringar

Forskottsbetalte kostnader i 2012 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2013 er:

Perpleks	100 657
Sum	100 657

Forskottsbetaite inntekter i 2012 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2013 er:

Tilskott elevbesøk-ordning	500 000
Tekstrettingheitar	110 000
Sum	610 000

Molde 21. mai 2013

Kristin Sørheim
Kristin Sørheim
styremedlem

Vivi Sunde
Vivi Sunde
styremedlem

Bodil Hollingsæter
Bodil Hollingsæter
styreleiar

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Heidi-Iren Wedlog Olsen
styremedlem

Leon Aurdal
Leon Aurdal
styremedlem

Per Kåre Trengereid
Per Kåre Trengereid
nestleiar

Knut Anders Oskarson
Knut Anders Oskarson
styremedlem

ØKONOMISK RESULTAT

	2012	2011	2010
<u>Inntekter:</u>			
Billettsal	1,6	2,3	2,3
Anna	4,9	1,6	2,4
Tilskott	35,6	29,6	26,2
Sum	42,1	33,5	30,9

<u>Kostnader</u>			
Drift	40,9	34,1	30,8
Finansk.	0,1	0,0	0,0
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0
Resultat	1,3	-0,6	0,1

Eigenkapital pr 31.12			
Sum	5,3	3,9	4,5

Hovudsponsorar:

TINGH*

EKH GRAFISK

 **BRUNVOLL**


QUALITY
HOTEL
ALEXANDRA, MOLDE
BY CHOICE HOTELS

 **ISTAD**

Romsdals Budstifte

Sunnmørsposten

Støtta av:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

REVISJONSMELDING



Tel: +47 71 20 62 00
 Fax: +47 71 20 62 01
 www.bdo.no

Besøksadresse:
 Nøisomhed
 Serviceboks 15
 6405 Molde

Til generalforsamlingen i

AS Regionteatret i Møre og Romsdal

REVISORS BERETNING FOR 2012

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal som viser et overskudd på kr 1 304 822,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2012, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet denne datoen, og en beskrivelse av vesentlig anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingene av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til AS Regionteatret i Møre og Romsdal per 31. desember 2012 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.



Side 2 av 2

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings praksis i Norge.

Molde, 21. mai 2013
BDO AS
(Org. nr: 993 605 650)


Jarle Mellingsen
statsautorisert revisor

Støtta av:



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE



DET BLÅ BLÅ HAV

Vivi Sunde.

FOTO: TEATRET VÅRT



DET BLÅ BLÅ HAV

Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: TEATRET VÅRT

REPERTOAR 2012

HOVUDPRODUKSJONAR



EN KOMIKERS OPPVEKST

av Jonas Gardell

Regi Ivar Tindberg
Med Daniel Karlsson

Norgespremière på Teatret Vårt, Molde 18. januar 2012.



VÅR UNDERFULLE VERDEN

av Giacomo Ravicchio

Regi Thomas Bjørnager i samarbeid med
Claus Maack Bahnsen
Med Gøril Haukebø og Daniel Karlsson

Norgespremière på Teatret Vårt, Molde 8. mars 2012.



DET BLÅ BLÅ HAV

av Nis-Momme Stockmann

Regi/scenografi Uwe Cramer
Med Bjørnar Lisether Teigen, Line Starheimsæter, Vivi Sunde, Marianna Minasova
og talekor Eugene Petkevich, Markus Brachner, Maria Sroka, Þórhallur Jósefsson, Devika Aune, Olga Sergeeva, Anita Grønland, Gunny Brit Sandblåst, Anne Hungnes, Eva Solheim Mork

Urpremière på Teatret Vårt, Molde 9. mars 2012.



HUNDEDAGANE

av Angela Hagen

Regi **Odette Bereska**
 Scenografi **Anja Furthmann**
 Med **Ellen Karin Solevåg, Jonathan Filip og Viggo Solum**

Urpremière på Barneteatret Vårt, Ålesund 17. mars 2012.



MERZ!!

basert på tekster av Kurt Schwitters

Regi **Uwe Cramer**
 Scenograf **Thomas Bjørnager**
 Komponist/musiker **Jon Balke**
 Lydprodusent **Asle Karstad**
 Koreograf/danser **Marianna Minasova**
 Lysdesigner **Finn Landsperg**
 Videodesigner **René Liebert**
 Maler **Hans Erik Olsen**
 Maske **Anita Jacobsen Marø**
 Skuespillere **Vivi Sunde, Gøril Haukebø, Line Starheimsæter, Daniel Karlsson, Birgit Berthold, Herman Bernhoft, Carl Morten Amundsen**

Urpremière 14. juli 2012 på Teatret Vårt, Molde. Åpningsforestilling på Plassen, 14. juli 2012 i samarbeid med Molde jazz.



DET BLÅ BLÅ HAV

Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: TEATRET VÅRT



DET BLÅ BLÅ HAV

Line Starheimsæter.

FOTO: TEATRET VÅRT



JEPPE

Bjørnar Lisether Teigen, Jonas Høgseth, Gøril Haukebø, Joachim Orvik og Sindre Klykken.

FOTO: ARILD MOEN



JEPPE

Bjørnar Lisether Teigen og Line Starheimsæter.

FOTO: ARILD MOEN



TIL KONGO

av Kristian Lykkeslet Strømskag

Regi Peer Perez Øian

Scenografi Thomas Bjørnager

Lysdesign Magnus Mikaelson

Koreografi Ingri Midgard Fiksdal

Med Herman Bernhoft, Bjørnar Lisether Teigen og Eldar Skar.

Urpremière på Teatret Vårt, Plassen, Molde 30. august 2012 under Bjørnsonfestivalen.



HVIT

av Andy Manley

Regi Andy Manley

Scenografi Shona Reppe

Lysdesign og teknisk sjef Craig Fleming

Kostymer Shona Reppe

Musikk/lyddesign Danny Krass

Produsent i Skottland Catherine Wheels

Med John Sigurd Kristensen og Jonas Delerud

Norgespremière på Barneteatret Vårt, Arbeideren, Ålesund 22. september 2012.



JEPPE

av Ludvig Holberg

Regi Gitte Siem

Scenografi/kostymer Nina Flagstad

Lysdesign Finn Landsberg

Maske Ruth Haraldsdottir Norvik

Med Bjørnar Lisether Teigen, Line Starheimsæter, Gøril Haukebø, Vivi Sunde, Daniel Karlsson, Eldar Skar, Anna Berentina Røe

Musikere «Josah»: Jonas Høgseth, Joachim Orvik, Sindre Klykken

Première på Teatret Vårt, Plassen, Molde 2. november 2012.



MOR FOR ENHVER PRIS

Tekster: Lisbet Kjær Johansen, Tina Sakura Bestle, Elin Winther, Nete Harsberg, Betty Frank Simonsen, Julie Top-Nørgaard, Valborg Frøysnes

Med Valborg Frøysnes

Urpremière på Teatret Vårt, Plassen, Molde 7. november 2012.



PRINSESSEN SOM IKKE VILLE LE

Av og med Line Starheimsæter

Urpremière på Arbeideren, Ålesund 14. april 2012.



ALT HAR SIN TID

Med Vivi Sunde
Organist Erik Fostervoll
Musikk Møremusikarane Fjord og Fjell

Tekstar fra Bibelen i forbindelse med lansering Bibel 2011.
Urpremière i Molde Domkirke 20. oktober 2011.



I ♥ JUL - en førjulscabaret

Av og med Line Starheimsæter, Arne Torvik, Anna Berentina Røe og Eldar Skar

Norgespremière på Teatret Vårt, Molde 27. november 2012.



JEPPE

Bjørnar Lisether Teigen og Vivi Sunde.

FOTO: ARILD MOEN



JEPPE

Bjørnar Lisether Teigen og Line Starheimsæter.

FOTO: ARILD MOEN



TIL KONGO

Bjørnar Lisether Teigen, Herman Bernhoft og Eldar Skar.

FOTO: ARILD MOEN



TIL KONGO

Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: ARILD MOEN

Sidescener og arrangementer i 2012

Dato	Arrangement	Publikum
8.3.	Sidescenen: Apropos Anna Karenina v/Morten Borgersen	20
10.3.	Sidescenen: Byvandring	20
11.3.	Sidescenen: Valborg Frøysnes om teater	30
25.8.	Åpne scener	220
27.9.	Skolebesøk	30
19.10.	Sidescene: Baksnakk Blackbird	50
30.11.	Skolebesøk	15
1.12.	...og barnlige lyst	209

STATISTIKK 2012

Produksjon	Publikum	Fram- syningar
Eigenproduksjonar		
En komikers oppvekst	4 651	47
Prinsessa som ikke ville le	1 352	39
Vår underfulle verden	878	19
Det blå blå hav	226	6
Hundredagane	897	22
Porselensskogen	65	3
Til Kongo	1 217	25
Hvit	2 163	38
Jeppe	2 863	23
Mor for enhver pris	305	6
I ♥ JUL	121	5
Sum eigenproduksjonar	14 738	233
Samproduksjonar		
Åpningsforestilling	2 600	1
Driving Miles	440	11
Merz!!	1 460	8
Alt har sin tid	170	2
Egner-opplesning	80	4
Sum samproduksjonar	4 750	26
Gjestespel		
Archiv 1,336-1,337	79	2
Riksteatret	3 105	12
Kari Bremnes	276	1
Kjære Landsmenn	556	2
Sum gjestespel	4 016	17
Sidescenen og andre framsyningar		
Sidescenen	120	4
...og barnlige lyst	209	1
Åpne scener	220	1
Skolebesøk	45	2
Sum andre	594	8
Sum 2012	24 098	284
Sum barn og unge	6 413	111



TIL KONGO

Eldar Skar.

FOTO: ARILD MOEN



TIL KONGO

Herman Bernhoft, Eldar Skar og Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: ARILD MOEN

**MERTZ!!**

Jon Balke.

FOTO: ARILD MOEN

**MERTZ!!**

Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN

PERSONALE VED TEATRET VÅRT**Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:**

Hilde M. Bergersen	skodespelar	(frå 12.11.)
Herman Bernhoft	skodespelar	(18.06. - 21.10.)
Jonas Delerud	skodespelar	(27.08. - 01.12.)
Ingri M. Fiksdal	koreograf	(18.06. - 30.08.)
Jonatan Filip Johansen	skodespelar	(06.02. - 01.05.)
Valborg Frøysnes	skodespelar	(permisjon til 01.10.)
Gøril Haukebø	skodespelar	
Hedda S. Haaland	inspisient	(18.06. - 05.09.)
Daniel Karlsson	skodespelar	
John Sigurd Kristensen	skodespelar	(frå 27.08.)
Marianna Minasowa	koreograf/dansar	(08.03. -)
Anna Berentina Røe	praksis skodespelar	(frå 17.09. - 16.12.)
Eldar Skar	skodespelar	(frå 18.06.)
Ellen Karin Solevåg	skodespelar	(06.02. - 01.05.)
Viggo Solum	skodespelar	(06.02. - 01.05.)
Line Starheimsæter	skodespelar	
Kristian L. Strømskag	dramaturg/manusutviklar	
Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar L. Teigen	skodespelar	

Teknisk:

Gerd G. Austnes	systova	
Jonas Fuglset	multiteknikar	(frå 21.05.)
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar	
Ine Harrang	rekvisitør/teknikar	(til 15.03.)
Malin Jensen	lærling systova	
Bjørn Kaldvatsvik	inspisient	
Knut Arve Karlberg	teknikar	
Ingvar Kristensen	multiteknikar	(frå 01.05.)
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Magnus Fiksdal Meese	teknikar	
Åshild Mjåseth	lystova/leiar	
Bergliot Rørvik	rekvisitør	
Elin Nyheim	inspisient	(frå 19.03)
Øian Peer Arne Perez	instruktør	(19.06. - 30.08.)

Administrasjon:

Thomas Bjørnager	teatersjef	
Torunn Dyrkorn	marknadsleiar	(frå 26.10.)
Mary Farstad	adm.konsulent	
Ingela Folkestad Farstad	billettseljar	(til 30.04.)
Halvard Fiksdal	produsent	
Monica Hagset	økonomikonsulent	(frå 14.05.)
Anne Marit Henden	billettseljar	(frå 14.08.)
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar	
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar	
Andreas Hyldebakk	billettseljar/kafèmedarb.	(frå 15.08.)
Knut Lidvard Høgset	direktør	
Evy Johannessen	adm.sekretær	
Giedre Jovaisiene	sekretær	(09.01. – 01.03.)
Gintarė Kviencinskienė		
Marianne Myrbostad	vikar formidlingsleiar	(frå 01.09.)
Eva Eklöf Mørkeset	kunstnerisk leiar	
	Barneteatret Vårt	
Rolf Magnus Orø	formidlingsleiar	(permisjon frå 16.04.)
Trine Texnæs	marknadsmedarbeidar	(22.08. – 31.10.)
Solveig Mordal Vågen	salsleiar	

Kafè Kurt:

Mussie G. Abebe	ekstrahjelp	(frå 28.08.)
Marit Bugge Andersen	kafèmedarbeidar	(frå 23.07.)
Sunniva Astad	kokk m/fagbrev	(frå 11.08.)
Rashid M. Bourguaa	ekstrahjelp	(frå 15.09.)
Anna Magdalena Gorska	ekstrahjelp	(frå 05.09.)
Elsie P. Hernandez	ekstrahjelp	(frå 23.07.)
Valentin Hustad	kafèmedarbeidar	(frå 13.10.)
Ingrid M. Johansen	kafèmedarbeidar	(frå 23.07.)
Diego C. Nova	kokk m/fagbrev	(frå 04.10.)
Naqeebullah Poya	ekstrahjelp	(frå 16.10.)
Tommy Tretvik	kafèleiar	(frå 01.04.)
Svein Audun Vaagen	ekstrahjelp	(frå 27.07.)

**MERZ!!**

Marianna Minasova, Line Starheimsæter, Vivi Sunde og Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN

**MERZ!!**

Daniel Karlsson.

FOTO: ARILD MOEN



MOR FOR ENHVER PRIS

Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN



MOR FOR ENHVER PRIS

Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN

STYRET VED TEATRET VÅRT

Representant valt frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Bodil Hollingsæter	styreleiar
Kristin Sørheim	styremedlem
Leon Aurdal	styremedlem
Frøydis Austigard	varamedlem

Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Hans-Olav Solli	varamedlem

Representant frå Ålesund kommune:

Knut Anders Oskarson	styremedlem
Solveig Fagermo	varamedlem

Representant frå Noreg ungdomslag, Møre og Romsdal:

Heidi-Iren Wedlog Olsen	styremedlem
Aud Solveig P. Malmedal	varamedlem

Representant frå dei tilsette:

Vivi Sunde	styremedlem
Solveig Mordal Vågen	1. varamedlem/observatør
Finn Landsperg	2. varamedlem/observatør

REPRESENTASJON

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Thomas Bjørnager styremedlem

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset styremedlem
Eva Eklöf Mørkeset varamedlem

Norsk Teaterlederforum:

Thomas Bjørnager medlem
Knut Lidvard Høgset medlem

Molde Kulturbygg AS:

Thomas Bjørnager medlem



MOR FOR ENHVER PRIS

Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN



MOR FOR ENHVER PRIS

Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN







TEATRET VÅRT

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no



Barneteatret Vårt